

Kvartalsrapport
pr. 30.09.2022

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2022

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat før skatt ved utgangen av tredje kvartal 2022 på kr 39,6 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 35,0 mill. Det er auken i rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 30.09.2022 oppnådd ein rentenetto på kr. 55,6 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,69 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 46,7 mill., tilsvarende 1,56 % av gfk. Auke i rentenetto i kroner skuldast volumauke i utlån kombinert med betre rentemargin.

Grunna renteauke og høgare risikopåslag har ein pr 30.09.2022 måtte kostnadsføre urealiserte tap på rentefond. I same periode har ein inntektsført urealiserte vinstar på eigarpostar i samarbeidande selskap. Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument kjem etter dette ut med ein vinst på kr 2,3 mill. Dette er kr 0,5 mill. lågare enn på same tid i fjor. Provisjonsinntekter er høgare enn i fjor og provisjonskostnader er lågare enn i fjor. Summen av dette gir netto andre driftsinntekter kr 0,2 mill. høgare pr. 30.09.2022 enn pr 30.09.2021.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. For å vidareformidle kompetanse har ein i ein overgangperiode hatt noko høgare bemanning. Dette har gitt auka lønnskostadar. IT-kostnader har auka. Under Covid19-pandemien var det låge kostnader i samband med reiser, sosiale samankostnader og liknande. Desse kostnadene er no tilbake på nivået før pandemien.

Tap er kostnadsført med kr 1,8 mill. mot kr 0,5 mill. på same tidspunkt i fjor.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2022 er på kr 4.405,4 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 312,8 mill. (7,64 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2022 på kr 5.124,7 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 261,3 mill. (5,37%).

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.532,0 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 168,0 mill. eller 5,0 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2022 overført kr 719,4 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 770,8 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 116,6 mill. eller 2,82 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2022 er fordelt med 25,4 % til næringskundar og 74,6 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var tilsvarende fordeling 27,0 til næringskundar % og 73,0 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. Innskott frå kundar er bokført med kr 3.292,8 mill. Veksten siste året er på kr 251,1 mill. eller 8,3 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 145,7 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 290,7 mill. Banken si innskotsdekning er 92,7 %. Dersom ein hensyntek overførte lån til Verd Boligkreditt AS, er innskotsdekninga 77,1 %.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 59,9 mill. kr. pr. 30.09.2022. Dette er ein reduksjon med kr 5,7 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar og tapsavsetningar har gått ned med kr 17,5 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2022.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.09.2022 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 517,7 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.110,2 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,53 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2022 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 25,96 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidande finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,02 %, kjernekapitaldekning på 22,37 % og ei kapitaldekning på 22,93 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat ved utgangen av tredje kvartal 2022. Banken sin finansielle stilling er god. Covid-19-pandemien har prega både privatpersonar og bedrifter i heile landet dei siste to åra. Styret synes det er gledeleg å registrera at pandemien har hatt liten innverknad på dei fleste av banken sine kundar, og at banken har klart å yta gode tenester og resultat gjennom ein utfordrande periode.

Sidan sommaren 2021 har Norges Bank auka styringsrenta frå 0 % til 2,25 %. Norges Bank har samstundes varsla ytterlegare rentehevingar. Saman med kraftig prisauke på ei rekkje varer og tenester kan det bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne frametter. Styret ser det difor som spesielt viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor, og rentemarginane i bransjen har vore fallande over tid. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Gaupne, 28.10.2022

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.09.2022	30.09.2021	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	80.668	60.653	30.537	20.021	83.530
Rentekostnader og liknande kostnader	25.102	14.000	10.369	4.503	20.006
Netto renteinntekter	55.566	46.653	20.168	15.518	63.524
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	11.536	11.212	4.040	4.197	17.707
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.470	-1.749	-498	-617	-2.276
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	6.064	5.989	64	48	7.914
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	2.341	2.862	2.721	1.615	7.581
Andre driftsinntekter	31	1	2	0	6
Netto andre driftsinntekter	18.502	18.315	6.329	5.243	30.932
Løn og andre personalkostnader	16.669	14.361	6.533	5.254	19.639
Andre driftskostnader	15.400	14.328	5.361	4.931	20.281
Ordinære avskrivningar	587	727	182	235	958
Sum driftskostnader	32.656	29.416	12.076	10.420	40.878
Tap på utlån, garantiar o.l.	1.800	529	1.016	141	3.474
Resultat før skatt frå videreført verksemd	39.612	35.023	13.405	10.200	50.104
Skattekostnad	9.903	8.756	3.351	2.551	9.257
Resultat før andre inntekter og kostnader	29.709	26.267	10.054	7.649	40.847
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	355	99	24	37	-816
Totalresultat	30.064	26.366	10.078	7.686	40.031

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Kontantar og fordringar på sentralbankar	73.278	71.735	70.966
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	177.141	158.584	214.172
Utlån til og fordringar på kundar	3.532.045	3.364.001	3.483.563
Renteberande verdipapir	3.001	0	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	426.693	319.233	313.463
Aksjar og grunnfondsbevis	152.264	140.014	147.537
Immaterielle eigendeler	0	29	21
Varige driftsmidlar	7.690	7.794	7.742
Eigendeler ved utsatt skatt	5.368	4.937	5.368
Andre eigendeler	27.898	26.296	28.922
SUM EIGENDELER	4.405.378	4.092.623	4.271.754
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	145.657	145.208	195.405
Innskot og andre innlån frå kundar	3.292.811	3.041.663	3.082.429
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	290.709	274.593	345.444
Anna gjeld	12.496	11.289	11.871
Avsetningar	33.443	28.754	34.593
Sum gjeld	3.775.116	3.501.507	3.669.742
Sum eigenkapital	630.262	591.116	602.012
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.405.378	4.092.623	4.271.754
Garantiansvar	33.296	45.691	31.340
Pantsetjingar	243.958	246.872	246.381
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	719.369	770.845	727.030
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	4.394.312	3.993.948	4.071.073

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	2,45 %	2,03 %	2,05 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,76 %	0,47 %	0,49 %
Netto renteinntekter	1,69 %	1,56 %	1,56 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,38 %	0,43 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,06 %	-0,06 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,18 %	0,20 %	0,19 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,07 %	0,10 %	0,19 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,56 %	0,61 %	0,76 %
Løn og andre personalkostnader	0,51 %	0,48 %	0,48 %
Andre driftskostnader	0,47 %	0,48 %	0,50 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,02 %	0,02 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	0,99 %	0,98 %	1,00 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,05 %	0,02 %	0,09 %
Driftsresultat før skatt	1,21 %	1,17 %	1,23 %
Skattekostnad	0,30 %	0,29 %	0,23 %
Resultat etter skatt	0,90 %	0,88 %	1,00 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,01 %	0,00 %	-0,02 %
Totaltresultat	0,91 %	0,88 %	0,98 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2020	0	43.046	499.425	23.679	566.153
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	-272	41.119	0	40.847
Andre inntekter og kostnader	0	0	-816	0	-816
Avsetnad til gåver	0	0	-3.500	3.500	0
Gåver utdelt av styret i 2021	0	0	0	-4.172	-4.172
Eigenkapital pr. 31.12.2021	0	42.774	536.228	23.007	602.012
Resultat før andre inntekter og kostnader	29.709	0	0	0	29.709
Poster ført over andre inntekter og kostnader	355	0	0	0	355
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2022	0	0	0	-2.495	-1.814
Eigenkapital pr. 30.09.2022	30.064	42.774	536.228	20.512	630.262

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS

og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar.

Estimat og skjønnsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønnsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2022	3.121.509	345.007	42.467	3.508.983
Overført til trinn 1	125.387	-123.969	-1.418	0
Overført til trinn 2	-142.554	142.554	0	0
Overført til trinn 3	-36.009	-1.363	37.372	0
Netto endring	-113.784	4.557	-28.057	-137.284
Nye lån	822.338	45.042	8.278	875.658
Frårekna lån	-653.889	-40.559	-263	-694.711
Utgående balanse 30.09.2022	3.122.998	371.269	58.379	3.552.646

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Personkunder	2.638.051	2.467.917	2.550.003
Offentleg sektor	11.252	13.597	12.384
Finans og andre sektorar	17.197	20.228	18.287
Næring			
- Primærnæring	145.446	135.054	140.325
- Industri	40.197	38.518	36.272
- Kraftproduksjon	32.604	33.198	32.896
- Bygg og anlegg	143.294	187.290	196.396
- Handel	48.327	51.575	50.710
- Hotell og restaurantdrift	57.289	58.179	57.715
- Transport	28.672	30.322	31.156
- Eigedomsdrift	332.878	295.502	310.358
- Andre tjenesteytande næringar	55.682	68.708	70.565
- Interesseorganisasjonar	1.757	899	1.896
Sum utlån før nedskrivningar	3.552.646	3.400.987	3.508.963
Trinn 1 nedskrivningar	-5.634	-5.161	-7.317
Trinn 2 nedskrivningar	-3.346	-3.116	-3.258
Trinn 3 nedskrivningar	-11.621	-28.709	-14.825
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.532.045	3.364.001	3.483.563
Overført til Verd Boligkreditt AS	719.369	770.845	728.065
Totale utlån	4.251.414	4.134.846	4.211.628

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Misleghald næringlivskundar	16.874	37.706	23.365
Misleghald personkunder	2.273	773	770
Brutto misleghaldne engasjement	19.147	38.479	24.135
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-8.016	-23.701	-13.038
Netto misleghaldne engasjement	11.131	14.778	11.097

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	40.793	27.176	23.850
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-2.668	-4.678	-1.875
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	38.125	22.498	21.975

Tap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2022	9.115	3.354	690	14.223	27.382
Overføringar:					
Overført til trinn 1	1.043	-1.019	-24	0	0
Overført til trinn 2	-804	804	0	0	0
Overført til trinn 3	-189	-76	265	0	0
Netto endring	-1.672	348	95	-3.539	-4.768
Nye tap	1.503	464	24	0	1.991
Frårekna tap	-1.163	-226	-73	0	-1.462
Endring i risikomodell/parmetre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Berekna tap 30.09.2022	7.833	3.649	977	10.684	23.143
Verdijustert over andre inntekter kostnader	1.471	0	0	0	1.471
Sum nedskrivningar og avsetningar pr 30.09.2022	6.362	3.649	977	10.684	21.672
Konstatert tap	0	0	0	5.653	5.653
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-63	-63
Bokført som reduksjon eigendeler	5.634	3.346	937	10.684	20.601
Bokført som auke annan gjeld	728	303	40	0	1.071
Sum nedskrivningar 30.09.2022	6.362	3.649	977	10.684	21.672

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.09.2022	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Renteberande verdipapir					
Verd Boligkreditt AS 22/32 FRN C SU		3001	0	3001	0
Sum renteberande verdipapir		3001	0	3001	0
Obligasjons og pengemarkedsfond					
DNB Likviditet D	44.719	45.103	45.103	0	0
Holberg Likviditet	737.461	75.364	75.364	0	0
Pareto Likviditet C	62.230	62.244	62.244	0	0
DNB European Covered Bonds	138.057	92.455	92.455	0	0
DNB Global Treasury	74.924	64.499	64.499	0	0
Dnb OMF	87.091	87.004	87.004	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		426.669	426.669	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	178.736	6.005	0	0	6.005
Brage Finans AS	2.170.040	36.311	0	0	36.311
DNB Bank ASA	15.942	2.756	2.756	0	0
Eiendomskreditt AS	99.222	16.256	0	0	16.256
Frende Holding AS	36.312	19.883	0	0	19.883
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.093	2.093	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	237	0	0	237
Verd Boligkreditt AS	42.239	45.811	0	0	45.811
Visa		1.322	0	0	1.322
Kredittforeningen for Sparebanker	460	543	0	0	543
Sogn Sparebank	7.600	965	965	0	0
Andre aksjer		415	0	0	415
Sum aksjar og grunnfondsbevis		152.264	5.814	0	146.451
Sum verdipapir		581.934	432.483	3.001	146.451
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					140.827
Realisert vinst/tap					-146
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					4.479
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					2.679
Salg					-1.388
Utgående balanse					146.451

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Lønstakarar	2.359.616	2.246.419	2.259.361
Offentleg sektor	200.998	174.154	184.837
Finans og andre sektorar	89.215	106.576	108.967
Næring			
- Primærnæring	63.424	71.227	59.368
- Industri	22.586	28.263	27.609
- Kraftproduksjon	157.002	34.158	50.750
- Bygg og anlegg	111.998	103.473	123.374
- Handel	35.712	36.575	37.044
- Hotell og resturantdrift	55.067	47.929	33.536
- Transport	15.544	9.065	6.784
- Egedomsdrift	94.226	94.990	96.456
- Andre tjenesteytande næringar	80.528	82.880	86.753
- Interesseorganisasjonar	6.895	5.954	7.590
Sum innskot	3.292.811	3.041.663	3.082.429

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.09.2022			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.143
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.249
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.132
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	30.000	30.133
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			145.000	145.657
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført verdi
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	10.000	10.049
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.352
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	80.000	80.030
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	70.266
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	60.269
Over/underkurs				-257
Sum obligasjonar			290.000	290.709

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Eigenkapital	630.262	591.116	602.012
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-30.064	-26.366	0
- Frådrag	-82.529	-73.135	-75.192
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	517.669	491.615	526.820
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	2.727	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	2.258		2.485
Offentleg eigde foretak	0		0
Institusjonar	35.130	29.432	40.122
Foretak	43.023	44.425	40.095
Massemarked	424.268	369.655	391.662
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.101.325	1.082.368	1.157.193
Forfalte engasjementer	103.989	39.751	30.390
Høgrisiko-engasjement	43.462	126.516	152.836
Obligasjonar med fortrinnsrett		0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating			0
Andeler i verdipapirfond	77.035	32.636	31.548
Eigenkapitalposisjonar	79.094	76.071	81.004
Øvrige engasjement	25.628	24.642	51.974
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.935.213	1.828.223	1.979.309
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	174.982	164.095	174.982
Sum berekningsgrunnlag	2.110.194	1.992.318	2.154.290
Kapitaldekning i prosent	24,53 %	24,68 %	24,45 %
Kjernekapitaldekning i prosent	24,53 %	24,68 %	24,45 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	24,53 %	24,68 %	24,45 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 6,27 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Konsolidert rein kjernekapital	588.473	557.419	591.946
Konsolidert kjernekapital	597.795	564.075	598.051
Konsolidert kapitaldekning	612.656	572.938	606.187
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.671.945	2.502.651	2.605.704
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,02 %	22,27 %	22,72 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	22,37 %	22,54 %	22,95 %
Konsolidert kapitaldekning	22,93 %	22,89 %	23,26 %

Banken sine kapitalkrav

	Gjeldende	31.12.2022	31.03.2023
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	1,50 %	2,00 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	11,50 %	13,50 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	13,00 %	15,00 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	15,00 %	17,00 %	17,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %
Mål for kapitaldekning	19,00 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	124,6 %	157,2 %	180,0 %